

Tilstandsrapport av eldre hus på Mjåtveit

Etter befaring av eit eldre hus på Rosslandsvegen 365 er eg komt fram til følgende vurdering:

Boligen er oppført rundt 1860 og er på ca 40 m² + eit lite loft. Huset er oppført i tømmer veggjar med kledning på veggjar og skifer på tak. Det er i nyare tid oppført ein bod på eine langsida av huset. Dette tilbygget er i dag delvis rast i saman. Bustaden har ikkje vært vedlikehald dei siste 60 åra og det har heller ikkje budd nokon i huset i dette tidsrommet.

Huset ber preg av manglande vedlikehald og det er fleire lekkasjar i huset. Bunnstokken i tømmerveggane er delvis roten og mykje av tømmeret det same. Det er store mengder «Mit» i heile huset. Mykje av tømmeret må skiftast ut og all utvendig kledning, vinduer, skifer, sutak må i tillegg rivast og erstattast med nytt. Innvendig tregulv mot grunnen er også i veldig dårlig forfatning og må skiftast ut. Dette golvet ligg nok opp på jord, slik at det må masseutskiftast før eit nytt golv kan lagast. Det vil bli svært kostnadskrevjande å setja huset i stand slik det var da det var nytt.

Min sluttvurdering blir difor at huset bør rivast da det i dag framstår som ein risiko for omgivelsane.

Helsing
Byggmester Knut Henanger AS

Byggmester Knut Henanger AS
Mjåtveitstø 33A, 5918 Frekhaug
Mob. 93081905, Org.nr. 915.907.575